

## Stor deltaking og gode resultat av Vetem-løparane.

Samnanger IL og IL Gular arrangerte Nordvestgaloppen 2004 frå 29. juli til 1. august 2004. Ein heil gjeng frå Vetem reiste på "ferie" til Bergen og oppretta Base Camp på Lone camping.



Nokre utflytte

Vetemianarar var også med (ja vi kan vel rekne dei med sjølv om dei har meldt overgong til andre idrettslag?) så totalt var vi ein gjeng på 25 stk. – dei slit enno med etterverknadane på campingplassen. Her budde vi i hytter og Lavvo, og kosa oss med bading og kanopadling.



Nordvestgaloppen er lagt opp som eit ferieløp slik at vi skulle få med oss andre opplevingar i tillegg til sjølv orienteringsløpa. Her kan vi vel seie at terrenget i seg sjølv gav store nok opplevingar, men vi tok oss då inn til byn og fekk erfare Bergen som "Vestlandet sin hovudstad" med alle dei tilbod som ein storby kan tilby, eit variert kulturliv, Fløibanen, bergensarane sjølv, museum, akvarium og vakre fjordar og fjell. Sjølv sat eg mest på "Bryggen" med soft-is og melkesyre.



Samnanger I.L. arrangerte dei to første løpa torsdag 29. og fredag 30. juli på Gullbotn. Løpsområdet ligg ca. 35 km aust for Bergen sentrum, på grensa mellom Samnanger og Bergen kommune. Her fekk vi ein forsmak på sauesankinga med mange tunge bakkar og ulendt steinete terreng, og det var berre første dagen! Dag to vart det tyngre bakkar, nokre luftige stup og sleipe svaberg. Det heile avslutta med stive bein i nokre skitne myrar inn mot mål – Herleg!

Kjell Ove tok han heilt ut og sprang av seg skoa – men etter å ha rota djupt i feriekassa investerte han i nye sko og kom sterkt att.

IL Gular arrangert dei to siste løpa på laurdag 31. juli og søndag 1. august. Desse løpa gjekk frå Flaktveit som ligg 10 km nord for Bergen sentrum. Kartet er det same som vart brukt under Natt-NM 2003. Her vart det meir tettvaksen krattskog, med blaute myrar innimellom, samt kombinert med innspurt gjennom byggefelta. Men no hadde vi to dagars treningsgrunnlag, og vi kjende at toppforma nærma seg – så her gjekk det unna så einekagar og skitmyra skvatt rundt øyrene.



*3 blide ungdomar (Bård Ove, Kristina og Isak) etter gode plasseringar.*




*Heile (nesten) gjengen på samlingsplass*

Vi hadde mange gode plasseringar, nemnast kan:

- Elias, Sven og Maria Belinda i Småtroll
- Kristi Bergset og Vebjørn Bergset i N-løypene
- Kristina Ingelin Bergset, to førsteplassar og to tredjeplassar i D11-12
- Isak Bergset, mange fine plasseringar i H11-12
- Anders Magne Bergset og Bård Ove Bergset, nr 4 og 5 samanlagt i H13-16K
- Irene Kroken Bergset (nr. 4), Berit Irene Bergset (nr. 8) og Sølvi Bergset (nr. 11) samanlagt i D17K
- Kjell Ove Bergset, nr. 7 samanlagt i H19K
- Anders Bergset, nr. 3 samanlagt i H35
- Ivar Bergset, nr. 15 samanlagt i H40

Fullstendige resultat ligg på nettet: [www.nordvestgaloppen.no](http://www.nordvestgaloppen.no)



*Sven er konsentrert på posten*